

1 Mandat og rammer

Arbeidsgruppa har hatt som oppdrag å vurdere moglege innsparingstiltak knytt til lokal lønsdanning innan oppvekstsektoren. Mandatet har ikkje omfatta endringar i gjeldande avtaleverk eller lønsstruktur, men å peike på område der det kan vere potensial for betre ressursutnytting og meir berekraftig økonomisk utvikling over tid.

Arbeidet er avgrensa til vurderingar innanfor gjeldande lover og tariffavtalar, og eventuelle tiltak føreset vidare forhandlingar.

2 Organisering og gjennomføring

Aud Lillian Hustveit	Verksemdsleiar RSK	Arbeidsgruppeleder
Maria B. Bjåen	Verksemdsleiar ØOP	Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppa har i perioden gjennomgått gjeldande lokal lønstabell og kartlagt lokale lønstillegg innan oppvekst. Det er særleg sett på fordelingsprinsipp og korleis desse påverkar både økonomi og opplevd rettferd.

3.0 Utredning

Arbeidsgruppa har vurdert tiltak som kan bidra til meir kostnadseffektiv drift gjennom endringar i lokale lønstillegg. Sentrale moment i arbeidet har vore:

- betre samanheng mellom ressursbruk og faktisk behov
- meir likeverdige og transparente fordelingsprinsipp
- vurdering av om dagens tillegg gir ønskt effekt

Særleg har gruppa sett på kontaktlærartillegg, funksjonstillegg (IKT, sosiallærer, rådgjevar) og ansiennitetsbaserte tillegg.

Tiltaka kan gi økonomisk gevinst, men vil samstundes kunne påverke rekruttering og stabilitet i sektoren.

3.1 Beskrivelse tiltak

Arbeidsgruppa peikar på følgjande moglege tiltak:

- **Revidere kontaktlærartillegg** slik at dette i større grad blir knytt til tal på elevar, til dømes gjennom ein grunnsom kombinert med tillegg per elev.
- **Endre IKT-tillegg** frå faste beløp til ein modell basert på elevtal, slik at ressursbruken blir meir forholdsmessig.
- **Vurdere organisering av sosiallærer og rådgjevar**, med mogleg samanslåing av funksjonar der det er føremålstenleg.
- **Vurdere om alle einingar skal ha eigen sosiallærarfunksjon**, sett i lys av behov og storleik.
- **Gjennomgå ansiennitetstillegg utover sentrale krav**, med sikte på å redusere framtidige kostnader.

Det er likevel avgrensa handlingsrom, då endringar i hovudsak må skje gjennom lokale forhandlingar.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Tiltaka vil kunne medføre:

Positive konsekvensar:

- meir berekraftig økonomisk utvikling
- betre samsvar mellom ressursbruk og behov
- meir oversiktleg og systematisk lønsstruktur

Negative konsekvensar:

- risiko for svekka rekruttering
- redusert konkurransekraft samanlikna med nabokommunar
- mogleg lågare motivasjon blant tilsette

Gjennomføring føreset nye lokale forhandlingar og endring av eksisterande avtalar.

3.3 Etc

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Vurdere om sos.lærer skal vere på alle einingar	Kutte sos.lærer på ØOP ? (pr.i dag 20 000kr i funksjonstillegg pr. sos.lærer)
2. kontaktlærertillegg	Dagens ordning 42 000kr på 1.-4.kl., 30 000kr frå 5.-10.kl – uavhengig av ant.elevar. Framlegg ny ordning: Grunnbeløp + elevtal t.d. Min.sfs2213 – 12000kr + 1000kr pr.elev
3. IKT tillegg	Ny berekning ut frå ant.elevar – ikkje likt på kvar eining (30000) t.d. 30 000kr/170Elevar (RSK størst skule)= 177kr pr elev Då hadde det blitt: RSK → $177 * 170 \text{ elevar} = 30\,000\text{kr}$ ØOP → $177\text{kr} * 34 \text{ elevar} = 6000\text{kr}$ ÅSK → $177\text{kr} * 148 \text{ elevar} = 26\,196\text{kr}$ ESK → $177\text{kr} * 69 \text{ elevar} = 12\,213\text{kr}$
4. sos.lærer/rådgjevar	Slå saman ut frå sfs2213 (20000*2 i dag) – ØOP skal ikkje ha verken rådgjevar eller sos.lærer ut frå SFS2213
5. Kutte ut ansiennitetstrinn 20år, 24år, 34år	Ikkje lovpålagte, men likevel i pottforhandlingar og pengane skal fordelast. Det er dei pengane ein legg ekstra til i pottforhandlingar ein vil spare inn, samt pengar ein må legge til i seinare forhandlingar for å oppretthalde ansiennitetstrinna. Det er sjeldan pengar på stigen vert «oppspist» i dag, nye tillegg skal somregel på toppen av dei gamle tilleggga. For kun oppvekst sine dagens ansatte (skule og barnehage) er skiladen på lokal 16års ansiennitetsstige og opp til 34års ansiennitet på 2 501 700kr. Kor mykje av dette som eigentleg vil vere avhengig av «friske» midlar framover er uvisst. Ein kan velje og ikkje leggje fleire pengar på desse trinna, men dei arbeidstakarane som no allereie har fått, dei vil få nye tillegg truleg på toppen av allereie eksisterande løn.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	
1. Kutte sos.lærer på ØOP	20 000 + 1t undervisning	50 000 kr	Intern vurdering
2. kontaktlærertillegg med gr.beløp og fastsum (12000kr + 1000kr*elev)	289 000kr	≈ 289 000kr	Forhandling med UDF
3. IKT tillegg	45 591 kr	≈ 45 591kr	Forhandling med UDF
4. Sos.lærer/rådgjevar	60 000kr	≈ 60 000kr	Intern vurdering i oppvekst – mogleg forhandling
5. Kutte ut ansiennitetstrinn 20år, 24år, 34år	2 501 700kr	?	Kjem ann på kor mykje ein må leggje til potten ekstra for å oppretthalde

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Lågare lønsdanning	Arbeidsgruppa vurderer at det finst eit visst innsparingspotensial innan lokal lønsdanning. Samstundes er handlingsrommet avgrensa av avtaleverk og behovet for å sikre rekruttering og kvalitet i tenestene. Risiko og konsekvensar: - lågare lønsnivå kan svekkje rekrutteringa - færre kvalifiserte søkjarar kan føre til auka bruk av ufaglært arbeidskraft - stillingar kan i større grad bli gjennomgangsstillingar for nyutdanna Arbeidsgruppa meiner at eventuelle tiltak må vurderast nøye opp mot konsekvensar for kvaliteten i tenestene og evna til å rekruttere og halde på kvalifisert personale.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
Kutte sos.lærer på ØOP	50	50	50	50
kontaktlærertillegg med gr. beløp og fastsum	290	290	290	290
IKT tillegg	46	46	46	46
Sos.lærer/ rådgjevar	60	60	60	60
Kutte ut ansiennitetstrinn 20år, 24år, 34år – er del av arbeidspakke 4				